



KLUBBHANDBOK 2025-2026

Selje IL-Fotball



# Selje IL-Fotball

# KLUBBHANDBOK



Versjon 1/24: Sist oppdatert 15.11.2024



## Innhald:

|                                                  |           |
|--------------------------------------------------|-----------|
| <b>1. Føremål med klubbhandboka .....</b>        | <b>4</b>  |
| <b>2. Klubbinformasjon .....</b>                 | <b>4</b>  |
| 2.1.. Klubben si historie .....                  | 4         |
| 2.2. Visjon .....                                | 6         |
| 2.3. Verdiar .....                               | 7         |
| 2.3.1. Verdigrunnlag .....                       |           |
| 2.3.2. FairPlay .....                            |           |
| 2.4. Føremål .....                               | 9         |
| 2.5. Hovudmål .....                              | 9         |
| <b>3. Organisasjon .....</b>                     | <b>9</b>  |
| 3.1. Organisasjonsplan .....                     | 9         |
| 3.2. Årsmøtet .....                              | 10        |
| 3.3. Styret .....                                | 10        |
| 3.3.1. Fotballgruppa sitt arbeid .....           |           |
| 3.4. Roller/utval .....                          | 12        |
| 3.5. Tilsette .....                              | 12        |
| 3.6. Klubben si lov .....                        | 12        |
| <b>4. Medlemskap .....</b>                       | <b>13</b> |
| 4.1. Medlemskontingent .....                     | 13        |
| 4.2. Trenings-/deltakingsavgifter .....          | 14        |
| 4.3. Turneringar og ekstratilbod .....           | 14        |
| <b>5. Klubben sitt aktivitetstilbod .....</b>    | <b>14</b> |
| 5.1. Barne- og ungdomsidrett .....               | 15        |
| 5.2. Klubben sine arrangement .....              | 16        |
| 5.2.1. Kamparrangement senior menn/kvinner ..... |           |
| 5.2.2. Seljecup .....                            |           |
| 5.2.3. Tine Fotballskule .....                   |           |
| 5.3. Reise i regi klubben .....                  | 17        |
| 5.3.1. Trafikktryggingsplan .....                |           |
| <b>6. Roller .....</b>                           | <b>19</b> |
| 6.1. Spelar .....                                | 19        |
| 6.2. Foreldre/føresett .....                     | 19        |
| 6.3. Trenar .....                                | 20        |
| 6.4. Lagleiar .....                              | 21        |
| 6.5. Kampvert .....                              | 22        |
| 6.6. Dommar .....                                | 22        |
| 6.7. Rekrutteringsansvarleg .....                | 23        |
| 6.8. Sportsleg leiing .....                      | 24        |
| 6.9. Trenarrettleiar .....                       | 24        |
| 6.10. FairPlay .....                             | 25        |
| 6.10.1. FairPlay-ansvarleg .....                 |           |
| 6.10.2. FairPlay-utvalet .....                   |           |
| 6.11. Kvalitetsklubbansvarleg .....              | 27        |
| 6.12. Dommaransvarleg .....                      | 27        |
| 6.13. FIKS-ansvarleg .....                       | 27        |
| <b>7. Klubbdrift .....</b>                       | <b>28</b> |
| 7.1. Årshjul .....                               | 28        |
| 7.2. Kompetansekrav og kompetanseplan .....      | 29        |
| 7.2.1. Målsetjing kompetanse .....               |           |



|                                          |           |
|------------------------------------------|-----------|
| 7.2.2. Korleis nå måla                   |           |
| 7.3. Medlemshandling.....                | 30        |
| 7.4. Dugnad og frivillig arbeid .....    | 30        |
| 7.5. Politiattestar .....                | 31        |
| 7.6. Klubben sitt antidopingarbeid ..... | 31        |
| 7.7. Kommunikasjon .....                 | 31        |
| 7.8. Arbeidsgjevaransvar .....           | 32        |
| 7.9. Tryggleiksarbeid (HMS) .....        | 32        |
| 7.9.1. Beredskapsplan                    |           |
| 7.10. Økonomi .....                      | 35        |
| 7.11. Forsikringar .....                 | 35        |
| 7.12. Anlegg og utstyr .....             | 35        |
| 7.12.1. Anlegg                           |           |
| 7.12.2. Utstyr                           |           |
| 7.13. Utmerkingar og heidersteikn .....  | 36        |
| <b>8. Oppfølging klubbhandboka.....</b>  | <b>37</b> |
| 8.1. Avvik                               |           |
| 8.2. Implementering og revisjon          |           |





## 1. Føremål med klubbhandboka

Klubbhandboka skal gje oversikt og svare på viktige spørsmål om Selje IL-fotball og drifta av klubben. Handboka skal gjere det lettare å orientere seg om kva retningslinjer som gjeld, og den skal sikre kontinuitet i det som vert bestemt og gjort i klubben.

I arbeidet med klubbhandboka har ein fått samla og revidert dokument, og utarbeida nye. Fotballgruppa har hatt ansvaret for å utforme klubbhandboka. Handboka er tenkt som eit hjelpemiddel for alle tillitsvalde, aktive og medlemmer i Selje IL-fotball for å forstå og kommunisere:

- kva som er viktig i vår klubb
- kva klubben vår står for
- kva vi vil oppnå
- kva vi tilbyr
- korleis vi vil at klubben vår skal fungere.

Klubbhandboka skal vere eit levande arbeidsverktøy, som jamnleg skal oppdaterast etter innspel og i samråd med andre i klubben. Fotballgruppa er ansvarleg for revidering. Dato for siste oppdaterte revisjon skal stå på fyrste sida. Handboka skal vere eit tilgjengeleg dokument for alle og finnst digitalt på klubben si heimeside [www.seljefotball.no](http://www.seljefotball.no).

## 2. Klubbinformasjon

Selje IL-fotball er ei av fleire undergrupper i Selje Idrettslag.

|                      |                                                                                                                                                                          |
|----------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Klubbnamn            | Selje Idrettslag                                                                                                                                                         |
| Selje IL stifta      | 31.10.1937                                                                                                                                                               |
| Postadresse klubbhus | Seljevegen 3797, 6740 Selje                                                                                                                                              |
| Organisasjonsnummer: | 975707474                                                                                                                                                                |
| Bankforbindelse      | Sparebanken Vest                                                                                                                                                         |
| Bankkonto            | 3845.07.10374                                                                                                                                                            |
| Rekneskapsfører      | Accountor Nordfjord, avd. Eid                                                                                                                                            |
| Postadresse fotball  | Selje IL-Fotballgruppa, 6740 Selje                                                                                                                                       |
| E-postadresse:       | post@seljefotball.no                                                                                                                                                     |
| Nettsider            | <a href="http://www.seljefotball.no">www.seljefotball.no</a> ; <a href="http://www.seljecup.no">www.seljecup.no</a> ; <a href="http://www.seljeil.no">www.seljeil.no</a> |
| Vipps Selje IL       | 106986                                                                                                                                                                   |
| Medlem av            | Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité                                                                                                                |
| Særforbund           | Norges Fotballforbund/NFF Sogn og Fjordane                                                                                                                               |

### 2.1. Klubben si historie

Selje Idrettslag vart skipa 31.10.1937 med denne målsettinga:

*”Laget sitt fyremål er å dyrka fotball-idrott og friidrott, og fremja kameratsleg samvær”.*

Sentral i stiftinga var handelsforeningsstyrar Joakim Sæbø. Han var ihuga nynorskmann, og difor heitte laget den første tida Selje Idrottslag. Selje Idrottslag avløyste eit lag som heitte Selje Idrettsforening, og før den tid hadde det vor eit lag i bygda som kalla seg ”Selje Kloster” og som óg arbeidde for idrettssaka.

#### Anlegg:

Idrettslaget fekk like før krigen hand om eit jordstykke på 10 dekar i Røysakvia til idrettsplass, men idrettsplassen vart ikkje opna før i 1956. Idrettsplassen fekk løpebane på 1960-talet, og grasdekke tidleg på 1970-talet.



Ved ei storstilt anleggsutbygging i 2003 vart grasdekke på stadion erstatta med kunstgras, og det vart samtidig bygd flomlysanlegg, rehabilitert løpebane og trimløype med lys. Kunstgrasbana vart rehabilitert med nytt dekke i 2013.



Selje IL har satsa mykje på anleggsbygging dei siste ca. 25åra:

2001/02: Rehabilitering grusbane. Bygging av ball-binge. Skileik/akebakke i sørenden av stadion.

2003: Kunstgrasbane med flomlys. Trimløype med lys. Rehabilitering av friidrettsanlegg. Ball-løkke gras.

2008-2012: Bygging av trapp/sti til Risnakken. Kjøp/rehabilitering av Centum Eigedom til klubbhus.

2013: Nytt kunstgrasdekke på stadion. Kunstgras på grusbana. Nytt tak på klubbhuset.

2014/2015: Bygging klatrepark.

2015: Rehabilitering ballbinge.

2018/2019: Selje IL er samarbeidspartner i anlegga: "Dagstur-hytte" på Risnakken. Turvei til Risnakken.

2017-2021: Samarbeidsprosjekt uteområde /leikeapparat Selje skule. Bygging hinderløype m.m.

2022: Rehabilitering trimløype Selje Idrettspark. Rehabilitering klatrepark Selje Idrettspark. Oppstart «Seljetrappene», ca. 4km sti-sherpatrapp Risnakken-Tarvaldseggja

2023-2024: Vidare arbeid med «Seljetrappene». Forprosjekt samlokalisert fleirbrukshall/symjebasseng. Planlegging anleggsprosjekt Selje Idrettspark rehabilitering flomlysanlegg, garasje, servicebygg m.m.

### **Aktivitatar:**

Fotballen har alltid hatt stått sterkt i idrettslaget. Det var eit aktivt friidrettsmiljø på 70- og 80-talet. Det har også vore stor aktivitet på ulike aktivitatar som allidrett for dei yngste, fjelltrim, saltrening m.m. dei siste ca. 30åra. I 2023 vart det starta opp turngruppe.

### **Fotball:**

#### Senior menn:

Selje IL spelte for fyrste gong i 5.div. i 1978. I 1979 vart laget kretsmeister og rykka opp i 4.divisjon. Laget veksla mellom 4. og 5.div. framover dei neste par tiåra.

I 2006 spelte laget i Firdaligaen/3.div. for fyrste gong og var på øverste nivå i fylket. I 2007 spelte laget i 4.div. og rykka opp igjen til Firdaligaen/3.div. Etter nedrykk i 2010 spelte laget i 5.div. heilt fram til 2022. I 2023 og 2024 har laget spelt i 6.div.

Senior kvinner:

Eit par år midt på 90-talet stilte Selje seniorlag 7ar kvinner. I 2014-2015 hadde laget samarbeid med Åheim og spelte i 4.div. Sunnmøre. Frå 2019-2024 har laget hatt samarbeid med Åheim og spelt 3./4.div. Sunnmøre eller Sogn og Fjordane.

Aldersfastlagde lag:

Selje IL har hatt lagstilbod for alle gutar og jenter i aldersfastlagde klasser dei siste ca. 30 åra. Dei seinare åra har barnekulla vore mindre, og klubben har difor hatt samarbeidslag i fleire årsklasser med naboklubbar for å få til tilbod.

Seljecup:

Seljecup starta som ei lokal turnering med 4 lag i 1995. Året etter arrangerte klubben miniputt-turnering med ca. 40 lag. I åra etterpå auka deltakinga jamnt og trutt.

Då Seljecup feira 10-årsjubileum i 2004 deltok det 135 lag. 20-års jubileum i 2014 med 140 lag. 25års jubileum i 2019 med 160 lag. Med unntak av to år med pandemi har Seljecup vore arrangert kvart år sidan oppstarten.

Seljecup vart i 2024 arrangert for 28.gong med ny deltakarrekord, 171 lag og ca. 1300 spelarar.

Seljecup har blitt ein veldig populær cup som har hausta mange lovord for det flotte arrangementet år etter år. Seljecup er eit stort og viktig arrangement som gjev mange ringverknader for klubben, bygda og distriktet.

Tine Fotballskule:

Tine Fotballskule vart arrangert for fyrste gong i 2005. I 2024 vart fotballskulen arrangert for 20.gong på rad. Deltakarantalet har dei siste åra vore ca. 60 spelarar.

## 2.2. Visjon

Selje IL skal gjennom sine aktivitetstilbod bidra til at så mange som mogeleg vert stimulert til å vere med. Klubben skal vere eit sosialt knutepunkt og aktivt bidra til å skape trivsel og samhald i lokalmiljøet.

Føremålet då Selje Idrettslag vart stifta 31.10.1937 var mellom anna: "..... å dyrke fotballidrott og fremje kameratsleg samvær". Dette gjeld også i dag.

Klubben skal skape aktivitet, trivsel, utvikling, engasjement, identitet og samhald under fana: **"Vi e Selje"**.

Vennlege

Inkluderande

Eins

Stolte

Engasjerande

Likande

Jambyrdige

Ekte

## 2.3. Verdier

Selje IL skal vere ein klubb der «fotball for alle» står sterkt. Klubben skal legge til rette for at alle kan vere med under mottoet "flest mogeleg – lengst mogeleg – best mogeleg".

Fair Play skal vektleggjast på alle nivå.

Klubben skal vere open for samarbeid med andre lokale klubbar, for å skape eit best mogeleg tilbod til alle.

Flest mogeleg betyr: Vi ynskjer å ha med eit så stort antal spelarar, trenarar og ressurspersonar i klubb, miljø og kvart einskild lag som mogeleg.


Lengst mogeleg betyr: Vi ynskjer å ha med spelarar lengst mogeleg i klubben frå miniputt til veteranar.

Best mogeleg betyr: Vi ynskjer at kvar spelar skal komme lengst mogeleg i form av utvikling både ferdigheitsmessig i fotball utifrå eigne føresetnader, men også på det menneskelege plan som gode medborgarar i samfunnet.

**Selje IL sin aktivitet skal byggje på felles vedtekne verdier for norsk fotball:**



**Norges fotballforbunds visjon: «Fotball for alle, glede, draumar og fellesskap!»**





### 2.3.1. Verdigrunnlag

Selje IL skal vere ein inkluderande klubb som bidreg til trivsel og utvikling av gode sosiale ferdigheiter.

Klubbkulturen skal byggje på klubben sitt verdigrunnlag, og medlemmane skal framstå som gode eksempel i all framferd.

- Alle som er knytta til Selje IL skal vere stolte av klubben sin
- Spelarar, trenarar og leiarar skal arbeide for å utvikle gode haldningar og respekt overfor medspelarar, motstandarar og dommarar
- Skape sunne haldningar overfor rus og rusmidlar
- Skape gode treningsvanar og haldningar til trening, eigentrening, restitusjon og kostvanar



### 2.3.2. FairPlay

FairPlay er mykje meir enn gule og raude kort. FairPlay handlar om korleis vi oppfører oss mot kvarandre på og utanfor bana. FairPlay skal vere eit overordna mål for alle i Selje IL. Klubben skal vere eit føredøme i arbeidet med FairPlay på alle nivå. Klubben sin FairPlay-handlingsplan danner grunnlaget for dette arbeidet. Viser her til dokument for FairPlay, sjå klubben si nettside [www.seljefotball.no](http://www.seljefotball.no) :

- Handlingsplan FairPlay 2024:  
<https://www.seljefotball.no/next/p/9192/handlingsplan-selje-il>
- Haldningskontrakt barn/ungdom og haldningskontrakt senior:  
<https://www.seljefotball.no/next/p/9195/haldningskontrakter-selje-il>

Alle spelarar og trenarar/leiarar på aldersfastlagde lag seriespel frå 11år og senior må skrive under på Selje IL sin FairPlay-haldningskontrakt. Årets FairPlay-spelar vert kåra på kvart lag i seriespel. For barn 10år og yngre vert det ved behov nytta «Den magisk lagspelar» som verkemiddel.

FairPlay-reglar:

- Vis respekt for motspelarar, dommaren og spelets reglar
- Vis respekt for trenar, laget og lagkameratane dine
- Møt presis til trening, kampar eller andre avtalar
- Ikkje ver med på mobbing, rasisme eller anna dårleg oppførsel
- Bidra til at alle trivast og har det gøy med fotballen
- Klubben ynskjer å legge til rette for at alle kan ha det gøy med fotballen, og at aktiviteten er prega av respekt, rettferdigheit og positive haldningar.

**«Ingen fortener å tilhøyre eit betre lag, enn det ein er villeg til å vere med å skape sjølv»**





## 2.4. Føremål

Barn, ungdom og vaksne i nærmiljøet skal ha eit fotballtilbod og klubbmiljø som fremjar trivsel, inkludering, samhald og sportsleg utvikling for alle.

FairPlay skal ligge i botnen for all aktivitet på og utanfor bana.

## 2.5. Hovudmål


Selje IL-fotball skal jobbe aktivt for å få til gode aktivitetstilbod for alle som ynskjer å spele fotball. Alle frå 6-17år og senior skal ha treningstilbod og eit lag å spele på. Jenter og gutar er likeverdige. Klubben skal ha fokus på idrettsglede, fellesskap og godt miljø.

Ein skal ha som ambisjon å utvikle fotballspelarar og gode menneske gjennom eit godt sportsleg tilbod, tilpassa føresetnader og ambisjonane til den einskilde spelaren.

Selje IL-fotball skal kontinuerleg jobbe for å rekruttere trenarar, lagleiarar, dommarar og andre tillitsvalde. Det er ei målsetting å legge til rette for frivillig arbeid gjennom utdanning/kurs og oppfølging.

## 3. Organisering Selje IL-fotball

### 3.1. Organisasjonsplan





### 3.2. Årsmøtet

Årsmøtet i Selje Idrettslag er klubben sin høgaste myndigheit og vert halde i mars kvart år. Årsmøtet er felles for alle grupper i idrettslaget.

Årsmøtet sine oppgåver står i Selje IL sine lover. Faste saker er gjennomgang av årsmeldingar, rekneskap, budsjett og val. Alle medlemmer har tilgang til årsmøtet. Det framgår av klubben si lov korleis årsmøte skal innkallast og reglar for val og stemmerett.

Lenker til protokollar frå årsmøter i Selje IL sjå nettside [www.seljeil.no](http://www.seljeil.no)

<https://seljeil.idrettenonline.no/next/p/61604/arsmoter>

### 3.3. Styret

Styret er klubben si høgaste myndigheit mellom årsmøta. Nokre saker kan ikkje styrehandsamast, men må handsamast av årsmøtet. Det gjeld saker som framgår av «Årsmøtet sine oppgåver», og disposisjonar av ekstraordinær karakter eller betydelig omfang i forhold til organisasjonsleddets storleik eller verksemd. Dersom styret er i tvil, bør saken opp på årsmøtet.

#### Lovpålagde oppgåver for styret:

- Sette i verk årsmøtets og overordna organisasjonsledds regelverk og vedtak
- Påsjå at klubbens midlar brukast og forvalta på ein forsvarleg måte, i samsvar med dei vedtaka som er fatta på årsmøtet eller i eit overordna organisasjonsledd. Sørge for at klubben har ei tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjon og ei forsvarleg økonomistyring.
- Etter behov utnemne komitear, utval eller personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for deira funksjon.
- Representere klubben utad.
- Utnemne ein som er ansvarleg for politiattestar.
- Utnemne ein ansvarlig for barneidretten.

#### Andre viktige oppgåver:

- Planlegge og ivareta klubben si totale drift, herunder mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap.
- Påsjå at idretten sine retningslinjer for aktiviteten i klubben blir følgt.
- Stå for klubben si daglege leiing.
- Arbeidsgjevaransvar for eventuelt tilsette.
- Legge fram innstilling til årsmøtet på kandidatar til valgkomité.
- Sørge for at to personar disponerer klubben sine Conti, og sørge for at de er dekkja av underslagsforsikring.
- Utnemne eller engasjere rekneskapsførar.
- Lage årsmelding for Fotballgruppa til årsmøtet.
- Oppdatering av klubbhandboka.

#### Leiar:

- Mål- og strategiarbeidet i klubben
- Er klubben sitt ansikt utad og klubben sin representant i møter og forhandlingar
- Står for klubben si daglege leiing og koordinerer styret og klubben sin totale aktivitet
- Innkallar til styremøter, førebur saker og leiar møta
- Idrettsregistreringa

**Nestleiar:**

- Er stedfortreder for leiar
- Ellers definerte oppgaver, på same måte som eit ordinært styremedlem

**Styremedlemmar:**

- Andre oppgåver som fordelast blant styret sine medlemmar
- Føre protokoll frå styremøter og referat fra medlemsmøter
- Lage møteplan saman med styret
- Lage oversikt over klubben sine tillitsvalde
- Oppdatere klubbens heimeside
- Ansvarleg for politiattestordninga

### 3.3.1. Fotballgruppa sitt arbeid

Fotballgruppa er ei av undergruppene i Selje IL. Årsmøtet i Selje IL er øvste organ i idrettslaget. Fotballgruppa består pr. i dag av leiar, nestleiar og 4 styremedlemmar. Leiar blir valt av årsmøtet. Resten av medlemmane vert valt av årsmøtet, men Fotballgruppa konstituerer seg sjølve. I tillegg har Fotballgruppa ein representant frå Barne-/Ungdomsgruppa. Fotballgruppa skal vere representert i Hovudstyret og Driftsstyret. Fotballgruppa veljer fast medlem og vara.

**Fotballgruppa har ansvar for:**

- Å drifte klubben i samsvar med retningslinjer NFF/fotballkrets/Norges Idrettsforbund
- Å ha faste møter/møter ved behov
- All fotballaktivitet frå 6 år til senior
- Økonomi innanfor eige budsjett
- Overordna ansvar for utarbeiding og oppfølging av sportsplan
- Utstyr og materiell til laga
- Samarbeide med Driftsstyret om vedlikehald av anlegg
- Politiattestar: val av ansvarleg, som samarbeider med ansvarleg Hovudstyret
- Sponsorarbeid: val av sponсорgruppe
- Rekruttering: val av rekrutteringsansvarleg
- Dommarutvikling: val av dommaransvarleg
- Trenarutvikling: val av trenarrettleiar
- Fair play-arbeidet: val av FairPlay-ansvarleg og FairPlay-utval
- Utdanning av tillitsvalde, lagleiarar, dommarar
- Kamparrangement barn/ungdom og senior
- Ansvarleg Fiks
- Hovudansvar for spelarovergangar
- Seljecup
- Tine Fotballskule
- Kvalitetsklubbarbeid

Fotballgruppa har møte ca.10-12 gonger pr. år. Agenda på møta er vanlegvis oppfølging av tiltak og drift av klubben. Styret er vedtaksfør når eit fleirtal av styret sine medlemmar er til stades. Vedtak fattast med fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ved stemmelikheit er styreleiar si stemme avgjerande.

Styremøte kan i einskilde tilfelle haldast digitalt/Teams. Det skal alltid førast protokoll frå styremøte.



### 3.4. Roller/utval

Mandat og oppgåver for roller/utval som er lovpålagde, går fram av klubben si lov. Dette gjeld valkomité, evt. revisor og kontrollkomité.

For styreoppnemnde utval bør ansvar og hovudoppgåver skildrast av styret sjølv, når styret vedtek å opprette utvala. Slik blir det lett å finne ut kva dei tillitsvalde i roller og utval kan og skal gjere. Skildringa skal innehalde korleis rolla/utvalet er bygd opp, og kva slags mandat og oppgåver rolla/utvalet har.

Roller det stillast krav til i Kvalitetsklubb:

- Sportsleg leiing
- Rekrutteringsansvarleg
- Trenarrettleiar
- FairPlay-ansvarleg/utval
- Kvalitetsklubbansvarleg
- Dommeransvarleg/utval
- FIKS-ansvarleg

Døme på andre roller/utval:

- Økonomiansvarleg/utval
- Arrangementsansvarleg/utval
- Anleggsansvarleg/utval

### 3.5. Tilsette

Selje IL-fotball byggjer på frivillig arbeid og dugnad på alle nivå.

I særskilde tilfelle kan trenar ha løn/godtgjersle. Fotballgruppa har ansvar for å inngå skriftleg kontrakt med trenar som er lønna.

### 3.6. Klubben si lov

Selje IL er eit fleiridrettslag, og fotballgruppa er underlagt klubben sine lover og reglar.

Lov for Selje Idrettslag, vedteken 16.11.2021. Sist endra 23.03.2022 (tilgjengeleg på [www.seljeil.no](http://www.seljeil.no) )

Føremålsparagraf §1:

«Formålet til idrettslaget er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom».

[https://bloccontent.blob.core.windows.net/files/200000195/6693/2022/3/16/Lov-for-Selje-Idrettslag-2022.docx-\(2\).pdf](https://bloccontent.blob.core.windows.net/files/200000195/6693/2022/3/16/Lov-for-Selje-Idrettslag-2022.docx-(2).pdf)

Selje IL er medlem i Norges Idrettsforbund og Norges Fotballforbund, og følgjer dei lover og reglar som forbunda fastset.



## 4. Medlemskap

Ved innmelding skal medlemmene registrerast med namn, fødselsdato, adresse, e-postadresse og telefonnummer. Medlemmene melder seg inn i klubbens medlemssystem i Min idrett. Namn og kontaktinformasjon til føresette må ein oppgje dersom medlemmet er under 15 år. Alle medlemmar har ei eiga personleg idrettssida på Min Idrett. Den personlege sida må kvart enkelt medlem aktivere før den kan takast i bruk. Her kan du som medlem, utøvar, tillitsvalgt eller administrativt tilsett melde deg på arrangement og kurs, endre dine eigne personopplysningar, finne informasjon knytta til lisensinnbetaling, dine kommande aktiviteter og andre funksjoner og tenester som kan vere aktuelle for deg.

Når ein vil bli medlem i ein klubb, kan ein ikkje ha uoppgjorte økonomiske forpliktelsar til klubben eller andre organisasjonsledd i NIF. Alle som har betalt medlemskontingent i klubben er medlemmar. Medlemskapet reknast frå den dagen kontingenten er betalt.

Ein tilsett kan vere medlem i klubben, men har ikkje stemmerett på årsmøtet og kan heller ikkje inneha årsmøtevalde verv i klubben.

Medlemskapet i klubben kan opphøre ved utmelding, manglande betalt medlemskontingent eller eksklusjon. Ei utmelding skal skje skriftlig og får verknad når den er motteken. Eit medlem som skuldar kontingent for meir enn eitt år, kan strykast, og då kan ikkje medlemmet takast opp igjen før den skuldige kontingenten er betalt. Hvis medlemmet skuldar kontingent etter forfall to års kontingent, skal medlemskapet gå til opphør ved strykning frå klubben. Dersom klubben vurderer ekskludering av eit medlem, må ein ta kontakt med idrettskretsen. Beslutning om eksklusjon ileggast av NIFs domsutvalg.

Lenke til Min Idrett: <https://www.minidrett.no/>

### 4.1. Medlemskontingent

Medlemskontingenten i Selje IL er til hovedlaget. Alle som er med på Selje IL sine organiserte tilbod/aktivitetar skal vere medlem i idrettslaget. Selje IL si forsikring for aktiv/spelar er berre gyldig visst ein har betalt medlemskap.

Medlemskontingenten fastsettast av årsmøtet og blir fakturert på etterskotsvis.

Klubben har ordning med ulike typar kontingentar, for familie, aktive og passive medlemmar. Det er ikkje eit felles medlemskap for heile familien, men eit eige medlemskap for kvart familiemedlem. Alle skal registrerast med namn, fødselsdato, adresse og e-postadresse.

Andre avgifter/eigenandelar kan krevast for deltaking i laget sine aktivitetstilbod. Det kan vere deltakingsavgifter for dei ulike aktivitetane, inngangspengar ved arrangement eller eigenandel i samband med deltaking på cup og på kurs. Årsmøtet gjev undergruppene fullmakt til å fastsette deltakingsavgifter.

Medlemskontigent Selje IL pr. 2024:

|                                                                   |           |
|-------------------------------------------------------------------|-----------|
| Familie ( <i>inntil 2 vaksne og alle barn t.o.m. 17 år</i> )..... | kr. 450,- |
| Aktiv medlem .....                                                | kr. 350,- |
| Passiv medlem/støttemedlem.....                                   | kr. 100,- |



## 4.2. Trenings-/deltakingsavgifter

Fotballgruppa har fullmakt frå årsmøtet til å fastsette årleg trenings-/deltakingsavgift. Alle som er med på organiserte tilbod/aktivitetar i regi av Selje IL, må i tillegg til å vere medlem, også betale deltakingsavgift. Samanlikna med dei fleste andre klubbar skal det vere rimeleg å delta i Selje IL.

Deltakingsavgifta er meint å skulle dekke litt av utgiftene som aktiviteten medfører som til dømes: påmelding lag til serie og cupar, utøvarforsikring, drakter og utstyr/materiell, drift av anlegg, dommarutgifter osv.

### **Alle barn og unge i Selje IL skal kunne vere med på aktivitet**

Selje IL ynskjer at alle skal kunne delta uavhengig av privat økonomisk situasjon. Dersom føresette ikkje har anledning til å dekke heile eller deler av deltakingsavgifta, eller treng å dele den opp, så ta kontakt. Føresette til medlemmar under 18 år kan søke.

Har du spørsmål, send ein mail til: [post@seljefotball.no](mailto:post@seljefotball.no)

All kontakt blir behandla konfidensielt.

Deltakingsavgifter Selje IL-fotball pr. 2024:

|                                   |            |
|-----------------------------------|------------|
| Senior menn .....                 | kr. 2700,- |
| Senior kvinner .....              | kr. 1800,- |
| Aldersfastlagde lag 10-17 år..... | kr. 900,-  |
| Allidrett/fotball 6-9 år.....     | kr. 500,-  |
| Barnetrim 2-5 år.....             | Gratis     |

## 4.3. Turneringar og ekstratilbod

### **Fotball**

Selje IL betaler for:

- Lagspåmelding på alle cupar som våre lag ynskjer å delta på. Turneringspåmelding skal vere i tråd med anbefalt turnering for aldersfastlagde lag iht. sportsplan.
- Når lag deltek på større overnattings-cupar som t.d. Norwaycup kan klubben også bidra med tilskot til individuell deltakingsavgift og dekking av utgifter for trenar/leiar.
- Lagspåmelding til seriespel og deltaking i Kongleriket NFF Sogn og Fjordane.
- Lagspåmelding til Futsal- og KM-turneringar i regi av NFF Sogn og Fjordane
- Individuelle avgifter for spelarar som deltek på sone- eller kretssamling

### **Sesongavslutning:**

Klubben arrangerer årsfest i nov/des for aldersfastlagde lag og senior.

Premiar til spelar og trenar/leiar vert dekkja av klubben.

## 5. Klubben sitt aktivitetstilbod

Selje IL, Fotball har som målsetting at alle spelarar frå 6-17år skal ha tilbod. Når det er føremålstenleg eller ein ikkje greier å stille lag åleine, så skal klubben ta initiativ til samarbeidslag med naboklubbane Flatraket/Stadlandet/Åheim.



I sesongen 2024 har Selje IL desse laga:

|                |                        |           |
|----------------|------------------------|-----------|
| 6.div. menn    | Selje                  | seriespel |
| 7.div. menn    | Flatraket/Selje2       | turnering |
| 3.div. kvinner | Selje/Åheim            | seriespel |
| G10            | Selje                  | seriespel |
| G12            | Stadlandet/Selje       | seriespel |
| G13/14         | Selje/Stadlandet       | seriespel |
| G15/17         | Stadlandet/Selje/Åheim | seriespel |
| J11            | Selje                  | seriespel |
| J13/14         | Selje/Stadlandet       | seriespel |
| J15/17         | Selje                  | seriespel |

Fotball/«Kongleriket»

|    |     |       |               |
|----|-----|-------|---------------|
| G6 | 3ar | Selje | «Kongleriket» |
| J6 | 3ar | Selje | «Kongleriket» |
| G7 | 3ar | Selje | «Kongleriket» |
| J7 | 3ar | Selje | «Kongleriket» |
| J8 | 5ar | Selje | «Kongleriket» |
| G8 | 5ar | Selje | «Kongleriket» |

Meir info. på klubben si nettside: [www.seljefotball.no](http://www.seljefotball.no)

Banekalender, sjå her: <https://www.seljefotball.no/next/p/68882/banekalender>

Sportsplan 2025-2026, sjå her:

<https://www.seljefotball.no/next/blog/post/240967/sportsplan-2025-2026-selje-il-fotball?ispage=true>

### 5.1. Barne- og ungdomsidrett

Selje IL ynskjer å tilby gode aktiviteter for barn og unge i klubben. Vår visjon er: flest mogeleg - lengst mogeleg - best mogeleg. Klubben vil legge til rette for alle medlemmar i klubben, uavhengig av motivasjon, bakgrunn og ambisjonar. I Selje er vi avhengig av å ha flest mogleg med for å kunne stille lag, dette legg føringar for korleis tilboda skal gjevast. Spelarar som ynskjer ekstra tilbod, kan få tilbod om hospitering. Sjå retningslinjer for hospitering i Sportsplan.

#### Barneidrett

Alle som har ansvar for barn eller er trenar for barn, skal kjenne til idretten sine barnerettigheter og retningslinjer for barneidrett. All aktivitet for barn skal leggst opp slik at klubben følgjer intensjonane i retningslinjene. Styret skal oppnemne ein ansvarleg for barneidretten (Lovnorm - § 18 *Idrettslagets styre* (2) f) i klubben.

Dette inneber at

- aktiviteten skjer på barna sine premissar
- barna har det trygt
- barna har venner og trivast
- barna opplever meistring

- barna får påverke eigen aktivitet
- barna kan velje om og kor mykje dei vil konkurrere

**Les mer**

[Idrettens barnerettigheter og bestemmelser om barneidrett](#)

**Ungdomsidrett**

Alle som er trenarar for ungdom i klubben, skal kjenne til retningslinjene for ungdomsidrett. Klubben og trenarane skal bidra til

- at ungdom kan bli så gode som dei sjølv vil
- å legge til rette både for dei som vil konkurrere, og dei som ikkje ynskjer å konkurrere
- at ungdom får vere med å bestemme over eigen aktivitet
- at ungdom får bidra med det dei kan
- at ungdom får utdanning eller kurs for å utvikle seg
- at deltakingsavgifta er overkommeleg

**Les mer**

[Retningslinjer for ungdomsidrett](#) fra Norges Idrettsforbund

## 5.2. Klubben sine arrangement

### 5.2.1. Kamparrangement senior menn/kvinner:

Selje IL har i mange år hatt eit stort fokus på gode kamparrangement. Uavhenging av divisjon så er målsettinga å ha arrangement som held standarden som gjeld i kretsligaen/4.div.

Klubben følgjer vedtekne retningslinjer/instruks for kamparrangement. Kamparrangementsansvarleg har ansvaret for at arrangementet er i samsvar med retningslinjene.

Kampvertar, billettsal, kiosk, speakerteneste, ballhentarar, maskotar, servering til begge lag og dommar(ar) og flagg på stadion skal vere på plass ved kamparrangement senior.

### 5.2.2. Seljecup

Klubben arrangerer Seljecup for aldersfastlagde klasser kvart år. Seljecup arrangerast fredag-søndag, siste helga før skuleslutt.

Seljecup er klubbens største og viktigaste arrangement. Den tradisjonsrike og populære turneringa vart i 2024 arrangert for 28.gong med rekorddeltaking 171 lag og ca.1300 spelarar. Seljecup har verkeleg sett Selje på kartet, og er av stor verdi for klubben, bygda og kommunen.



### 5.2.3. Tine-Fotballskule

Klubben skal arrangere Tine-Fotballskule i månadsskiftet august/september kvart år. Fotballskulen skal gå over 2 (3) dagar.

Selje Tine-Fotballskule vart i 2024 arrangert for 20.gong med ca. 60 deltakarar. Fotballskulen er eit viktig klubbarrangement. Fotballskulen er open også for spelarar frå andre klubbar, og det vert sendt ut invitasjon til naboklubbar. Tine Fotballskule skal vere med å bidra til rekruttering og ha moderate prisar slik at alle som vil kan delta.



## 5.3. Reise i regi klubben

På reiser i regi av klubben skal det vere minst ein ansvarleg reiseleiar, sjå Trafikktryggingssplan. På treningsleir/cup for mindreårige skal det innhenta politiattest for vaksne som er med laget.

### 5.3.1. Trafikktryggingssplan Selje IL-fotball

Selje IL har fokus på trafikktrygging og målsetting om å vere ein trafikk sikker klubb. I samband med dette utarbeida klubben trafikktryggingssplan i 2006, som seinare har blitt revidert fleire gonger. Dette for å kvalitetssikre klubben sitt tryggleiksarbeid i høve visjonen om 0 drepne og 0 skadde i trafikken. Tiltaka i planen er med og aukar bevisstgjeringsa rundt trafikktryggleik, og verkar haldningsskapande både blant aktive, foreldre og andre som er i klubben.

#### Selje IL har ansvar for:

- Informere om trafikktryggingssplan og reglar som gjeld til lagleiarar/trenarar
- Informasjon om trafikktryggingssarbeidet er med i årboka og på klubben si nettside
- Fotballgruppa har det overordna ansvar for planen

#### 6-17 år: Aldersfastlagde lag, seriespel og cup/turnering

- Ved kjøring til kamp eller turnering:
  - laget skal ha ansvarleg koordinator for transport



- det skal bereknast god tid med avreise til avtalt tid
- bilane køyrer om mogeleg samla
- alle skal vere sikra med bilbelte
- førar skal ha hatt sertifikat i minst 1 år for å kunne ha med passasjerar
- ikkje sette barn under 140cm framme i bilen ved aktivert airbag
- øvingskøyring skal ikkje førekomme med passasjerar i bilen

➤ **Treningar/heimekampar:**

I mørketida haust-vinter informerer lagleiar/trenar spelar og føresette om at:

- dei som går har på refleks/refleksvest
- dei som sykklar brukar sykkelhjelm, og har lys på når det er mørkt
- visst ikkje utøvaren kan oppfylle krava sjølv, er det foreldretransport.
- klubben tilpassar treningstider, slik at det så langt råd er høver med buss.

**Seniorlag og dommarar:**

➤ **Ved køyring til kamp eller turnering:**

- laget skal ha ansvarleg koordinator for transport
- det skal bereknast god tid med avreise til avtalt tid
- bilane køyrer om mogeleg samla
- alle skal vere sikra med bilbelte
- førar skal ha hatt sertifikat i minst 1 år for å kunne ha med passasjerar
- ved behov kan det nyttast buss/maxitaxi på lange reiser, evt. i lag med privatbilar
- øvingskøyring skal ikkje førekomme med passasjerar i bilen

➤ **Treningar/heimekampar:**

- ha fokus på trygg transport og sikring

**Meir info. om trafikktryggleik på NFF si nettside:**

<https://www.fotball.no/fotballens-verdier/trafikksikkerhet/#Toppen>

## 6. Roller

I dette kapitlet vert oppgåver og ansvar for ulike roller i klubben skildra.

### 6.1. Spelar

- Gjere sitt beste med innsats og iver
- Spelar dei rundt seg gode og viser respekt for alle
- Er ein god ambassadør for klubben
- Vise stoltheit overfor klubben og følgje klubben sine retningslinjer
- Vere med å skape eit godt miljø for alle som er knytta til laget
- Alle spelarar frå 11 år skal signere FairPlay-haldningskontrakt



# Spillervett



Fair play er mye mer enn gule og røde kort. Fair play handler om hvordan vi oppfører oss mot hverandre, både på og utenfor banen.

1. Vis respekt for treneren, dommeren og spillets regler
2. Vis respekt for laget og lagkameratene dine
3. Vis respekt for dine motspillere
4. Møt presis til trening, kamper eller andre avtaler
5. Ikke vær med på mobbing, rasisme eller annen dårlig oppførsel
6. Bidra til at alle trives og har det gøy med fotballen

### 6.2. Foreldre/føresett

Foreldre/føresette er ein viktig ressurs for alle lag. Selje IL ynskjer å involvere flest mogeleg så tidleg som råd i aktiviteten kring laga. Hensikta er å skape ei best mogeleg ramme rundt kvart lag.

Lagleiar/trenar er ansvarleg for å gjennomføre foreldremøte i forkant av sesong, og seinare i året ved behov. Foreldremøte skal vere eit fora med aktuell informasjon og der aktivitets- og ambisjonsnivået blir klargjort.

Andre aktuelle tema er t.d. terminliste, treningsplan, dugnad, sosiale arrangement, cup, kamparrangement.

På kamp: foreldre og publikum held seg på motsett side av bana der laga/innbyttarar er.



## Foreldrevevttregler

- 1. Støtt opp om klubbens arbeid**  
– gjennom foreldremøter forankres fotballens og klubbens verdisyn.
- 2. Møt fram til kamper og treninger**  
– du er viktig både for spillerne og miljøet.
- 3. Gi oppmuntring til alle spillerne i med- og motgang**  
– dette gir trygghet, trivsel og motivasjon for å bli i fotballfamilien lenge.
- 4. Vi har alle ansvar for kampmiljøet**  
– gi ros til begge lag for gode prestasjoner og Fair play.
- 5. Respekter trenerens kampløedelse**  
– konstruktiv dialog om gjennomføring tas med trener og klubb i etterkant.
- 6. Respekter dommerens avgjørelser**  
– selv om du av og til er uenig.
- 7. Det er ditt barn som spiller fotball. Opptre positivt og støttenede**  
– da er du en god medspiller.



[Råd til idrettsforeldre](#) frå Olympiatoppen

### 6.3. Trener

Trener har ansvar for å sikre at medlemmane som deltek på klubben sine aktivitetar får eit godt tilbod og vert ivaretekne på ein god måte. Trener representerer klubben sin.

- Bidra til å skape eit godt og trygt miljø med vekt på fellesskap og glede
- Vere bevisst på eiga trenaråtfærd og ansvaret som rollemoell
- Legge vekt på at barna skal utvikle sosiale ferdigheitar som empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvar
- Jobbe for at alle skal føle seg ønska og inkludert
- Vise stoltheit overfor klubben og følgje klubben sine retningslinjer
- Skal planlegge, gjennomføre og evaluere treningsøkte og kampar med laget iht. sportsplanen
- Skal delta på trenerforum i regi av klubben
- Skal gjennomføre kompetansehevande kurs/tiltak iht. klubben sin utdanningsplan
- I samarbeid med trenarrettleiar vurdere og evaluere eigen praksis i trening og kamp
- Skal ha godkjent politiattest og trenarattest
- Skal signere klubben sin FairPlay-haldningskontrakt
- Bruke klubbkle på kamp



# Trenervett



Som trener er jeg et forbilde for spillerne mine. Da er det viktig at jeg utviser trenervett i både kamp og trening:

1. Jeg er her for spillerne, ikke for meg selv.
2. Jeg tar spillerne med på råd. Jeg har autoritet, men er ikke autoritær.
3. Jeg velger å være positiv fordi jeg vet at min oppførsel smitter over på spillere, dommere og tilskuere.
4. Gjennom Fair play møtet er jeg med på å skape en god fotballopplevelse for alle.
5. Alle er like mye verdt. Jeg sprer både spilletid og oppmerksomhet.
6. Jeg er utviklingsorientert og veileder spillerne mot neste spillesituasjon.
7. Jeg gjør dommeren god og henger meg ikke opp i dommeravgjørelser.
8. Jeg er forberedt på at temperaturen kan bli høy, men jeg og spillerne mine skal takle det positivt og konstruktivt.
9. Jeg ønsker å være et godt forbilde for spillerne mine og en god ambassadør for fotballen og klubben min.
10. Jeg utvikler mennesker som spiller fotball og ikke bare fotballspillere.

*«De viktigste ferdighetene til min trener i ungdomsårene var at treneren var der når det gikk tungt, satte krav når det gikk lett, hadde humor, var rettferdig og hadde peiling på fotball.»*  
– Oppsummering av svar fra 100 landslagsspillere

## 6.4. Lagleiar

- Er laget sin administrative leiar, som har ansvaret for det praktiske rundt laget
- Ajourføre og sende inn namnelister på lag
- Arrangere møter for foreldre og spelarar
- Gje informasjon til spelarar, trenarar og føresette
- Melde på og administrere cupar
- Skal ha godkjent politiattest
- Vise stoltheit overfor klubben og følge klubben sine retningslinjer
- Bruke klubbkle på kamp
- Skal signere FairPlay-haldningskontrakt
- Vere med å skape eit godt miljø for alle som er knytta til laget
- Administrere bortekampar: ansvarleg for transport, lage køyreliste
- Administrere heimekampar iht. klubben sine retningslinjer som m.a. betyr:  
Kontakte motstandarlag og dommar seinast 48 timar før kamp. Sjekke at alt er ok og ynskje velkommen. Visst kamptid i terminlista skal endrast må det fyrst avklarast med motstandarlag og dommar. Omberammingskjema skal nyttast.

## 6.5. Kampvert

Selje IL legg stor vekt på ha gode kamparrangement i alle klasser som gjev ei god oppleving for alle.

Laga skal følgje vedteken **Kampvertinstruks** barn-/ungdom seriespel:

For å bidra til eit godt og trygt kamparrangement skal det vere to kampvertar til stades. Kampvertar har gul kampvertvest og er synleg for alle i og rundt kampen.

### Før kamp:

- Møt opp ca. 1 time før, slik at du kan ta imot motstandar-laget og vise dei garderoben.
- Visst klubbhuset er låst, så finn du nøkkel i nøkkelskap (med kode) ved døra inne i brakka.
- Kampvertvestar finn du i brakka og kjøkken/klubbhus. Det står kampvert på vestane som skal brukast.
- Lås opp bakdøra ved kjøkkenet, her kan publikum og få bruke toalettet.
- Lag til bana og pass på at det er minst 1 reserveball ved kvart mål under kampen.
- Ønske begge lag, dommarar og publikum velkomen og oppmode til positivitet under kampen.
- Delta gjerne på FairPlay-møtet saman med dommar(ar) og begge lags trenarar.
- Publikum skal stå på motsett side av laga og minimum to meter frå sidelinja
- Ha kjennskap til kvar klubbens hjertestartar er og ha telefon til å ringe 113
- Praktisk info før kamp:
  - Frukst handlast på Coop og merkast med laget sitt namn. Kutt opp frukta og ha i kvite «bakker», ein til kvart lag. Kniv og skjerefjøl finn du på kjøkkenbordet.
  - Kok to kanner kaffi, ein til kvart lag og gi dei i starten.
  - Litt før 1.omgang er ferdig kan du gi frukta til laga.
  - Rydd opp kjøkkenet, vask opp det du brukte. Ta ut bosset i bossdunken på framsida.

### Under kampen:

- Oppmode til positivitet blant publikum
- Vere tilgjengelig for dommaren undervegs i kampen og i pausen.
- Handtere eventuelle uønska hendingar i henhold til klubbens FairPlay-handlingsplan.
- For å ivareta tryggleiken for alle og gje god oversikt for dommar(ar), passe på at publikum og utstyr er minst 2meter frå sidelinja.

### Etter kampen:

- Takke begge lag og dommar(ar) for kampen
- Melde i frå til FairPlay-ansvarleg eller annan kontaktperson i klubben visst det oppstod uønska hendingar før, under eller etter kamp.
- Rydd opp bane, garderobe og ha utstyr på plass.

## 6.6. Dommar



Vi har alle eit ansvar for å ta vare på og støtte dommaren. Dommaren må få lov å gjere feil, til liks med andre aktørar på bana. Dette handlar om respekt og FairPlay både på og utanfor bana!

Klubben har som mål å rekruttere og behalde dommarar. Klubben har gjort det obligatorisk for alle spelarar frå og med 13 år å ta klubbdommarkurs som blir arrangert kvart år.

**Målsetting**

- Ha utdanna klubbdommarar/rekruttdommarar på alle kampar aldersfastlagde klasser
- Ha minimum så mange dommarar i kretsen som er kravet iht. antal lag i seriesystemet

**Rekruttering**

- Arrangere obligatorisk klubbdommarkurs for alle spelarar frå 13år kvart år
- Seljecup er ein arena for dommarutviklinga i klubben. På «Kongleriket» vil mange unge debutere som klubbdommarar. På hovudturneringa vil klubbdommarar og rekruttdommarar frå eigen klubb og naboklubbar delta. Ein ynskjer hovudsakleg at rekruttdommarar dømmer på hovudturneringa. Det er ynskjeleg at det blir gjennomført utviklingstiltak i samarbeid med fotballkretsen

**Andre moment**

- Dommarar får godtgjersle iht. klubben sine gjeldande satsar
- Dommarar får dekkja utgifter til nødvendig dommarutstyr/kle
- Dommarar får dekkja utgifter til kurs og fagsamlingar

## 6.7. Rekrutteringsansvarleg

Rekrutteringsansvarleg si hovudoppgåve er å få flest mogeleg til å delta på klubben sine tilbod.

**Oppgåver:**

- Medlem i Sportsleg utval
- Delta på møter i Fotballgruppa ved behov
- Innhente informasjon om 6-årsgruppa
- Invitasjon ut til foreldre
- Informasjon på klubbens nettside og facebookside
- Planlegge og gjennomføre foreldremøte før oppstart
- Innhente påmelding av spelarar
- I lag med trenarrettleiar gjennomføre første treningsøkt, og følge tett opp i startfasen
- I lag med trenarrettleiar sørge for at tilstrekkeleg opplæring/kurs blir gjeve til både trenar og lagleiar
- Tydleggjere forventningar om at trenar deltek på trenarforum
- Like stort fokus på både jenter og gutar
- Samarbeid:
  - Ved behov søke samarbeid med dei andre klubbane i nærområdet, Stadlandet-Åheim-Flatraket for å kunne ha lagstilbod for alle jenter og gutar. Særleg gjeld dette når ein startar med 7ar/9ar/11ar fotball.
- Tilflyttarar og framandspråklege:
  - Rekrutteringsansvarleg må undervegs i året passe på å invitere og rekruttere nye tilflyttarar til bygda.
- Fråfall:
  - Dersom nokon ynskjer å slutte undervegs i sesongen, så må trenar gje beskjed til rekrutteringsansvarleg for oppfølging.

**Krav til kompetanse**

- Skal ha god oversikt på klubben sin sportsplan og NFF sine retningslinjer
- Ynskjeleg at rekrutteringsansvarleg har erfaring som trenar i barnefotballen
- Rekrutteringsansvarleg bør ha minimum del 1 Grasrottrenerutdanning

**Andre moment**

- Klubben dekker utgifter knytt til utdanning/kompetanseheving
- Klubben dekker utgifter til nødvendig utstyr/klubbkle

**6.8. Sportsleg leiing****Sportsleg utval**

Er organisatorisk eit utval under Fotballgruppa. Sportsleg utval skal ha tett samarbeid med Fotballgruppa og jamnleg rapportere til styret.

Sportsleg utval består av:

- Trenarrettleiar
- Rekrutteringsansvarleg
- Styremedlem Fotballgruppa
- Representant for senior

**Oppgåver:**

- Ansvar for å implementere, følge opp og vidareutvikle klubben sin sportsplan
- Handtere eventuelle avvik frå Sportsplanen
- Ansvar for å arrangere Grasrottrenerkurs og andre trenarkurs
- Handtere problemstillingar/utfordringar knytta til jambyrdigheit, differensiering, hospitering og speletid
- Ansvar for lagsinndeling og påmelding av lag
- Ansvar for nominering av spelarar frå 12år til sone/kretstiltak
- I samarbeid med trenarrettleiar ha ansvar for at det blir gjennomført minimum 3 trenarforum pr. år
- Spelarovergangar i samarbeid med Fotballgruppa
- Skaffe/rekruttere trenarar til laga
- Ansvar for sportsleg årshjul

**6.9. Trenarrettleiar**

Trenarrettleiar har ei nøkkelrolle for å bidra til tryggleik, trivsel og utvikling hos trenarane i klubben.

Klubben har pr. no ein trenarrettleiar som oppfyller kompetansekrava.

Det er ynskjeleg etter kvart å ha to trenarrettleiarar i klubben, med ansvar for kvar sine hovudområde:

barnefotball 6-12år / ungdomsfotball 13-17år og senior.

**Oppgåver**

- Styremedlem i Fotballgruppa
- Medlem i Sportsleg utval
- Vere med å utvikle Sportsplan og bidra til at den vert følgt opp
- Planleggje og gjennomføre trenarforum
- Motivator og samtalepartner for trenarar i faglege og praktiske spørsmål

- Støttespelar for trenarar på treningsfeltet, vere trenar for trenarane
- Kartleggje kompetanse og ansvar for å arrangere trenarkurs
- Bidra til rekruttering av nye trenarar
- Delta på oppstarten av nye kull saman med rekrutteringsansvarleg
- Gjennomføre minimum 3 trenarforum pr. år
- Delta på møteplassar og fagsamlingar i regi av NFF/Fotballkretsen

**Krav til kompetanse**

- Skal ha god oversikt på klubben sin sportsplan og NFF sine retningslinjer
- Skal ha god erfaring som trenar i ulike årsklasser
- Skal minimum ha godkjent NFF Grasrottrenarutdanning
- Skal gjennomføre NFF si trenarrettileiar-utdanning og etterutdanning
- Ynskjeleg med UEFA-B

**Andre moment**

- Klubben dekker utgifter knytt til utdanning/kompetanseheving
- Trenarrettileiar må binde seg til minimum to år etter gjennomført trenarrettileiar-utdanning
- Klubben dekker utgifter til nødvendig utstyr/klubbkle



## 6.10. FairPlay

FairPlay er grunnfjellet i fotballen sine verdier og eit samleomgrep for Selje IL sitt verdiarbeid. FairPlay handlar om respekt, toleranse og korleis vi oppfører oss mot kvarandre. Det gjeld både på og utanfor bana for alle involverte i fotballen og skal prege aktiviteten vår på alle nivå. I dette ligg også respekt for gjeldande regelverk, retningslinjer og verdisett. Fotball er ein arena der vi skal ha respekt for alle og forsterke fellesskapet. Aktiviteten skal føregå i trygge rammer slik at alle får gode opplevingar. FairPlay skal synleggjere korleis fotballen tek ei oppdragande rolle, og er grunnlaget for vårt omdømme og våre handlingar.

### 6.10.1. FairPlay ansvarleg

Fotballgruppa skal utnemne ein FairPlay ansvarleg som har til oppgåve å koordinere FairPlay tiltaka i klubben, og bruke klubben sin FairPlay handlingsplan som rettesnor for arbeidet. FairPlay ansvarleg skal vere eit godt forbilde både på og utanfor bana. FairPlay ansvarleg skal veljast for minst 1år om gongen, følgjer kalenderåret.

**Overordna ansvarsområde**

- Koordinere og implementere klubben sitt FairPlay arbeid
- Bindeledd mellom styret og laga i klubben

- Kommunikasjon med fotballkrets og forbund
- Samarbeid med andre klubbar
- Delta på fellesmøter



## Fotball for alle



### Praktisk ansvarsområde

- Er leiar for FairPlay utvalet
- Utarbeide og følge opp klubben sin FairPlay handlingsplan
- Synleggjere FairPlay i sportsplan, handbok og verdidokument
- Saman med leiinga sjå til at klubben sine anlegg har FairPlay profilering
- Bestille FairPlay effektar ved behov
- Bistå ved FairPlay arrangement for spelarar/føresette/trenarar
- Syte for at spelarar, trenarar, leiarar inngår handlingskontrakter i samsvar med klubben sine retningslinjer
- Bistå lagleiarar og trenarar ved brot på FairPlay retningslinjer
- Sjå til at kampar og arrangement vert gjennomført i samsvar med klubben sine retningslinjer, herunder kampvertinstruks
- Sikre at klubben har rutiner for handtering av uønska hendingar
- Saman med klubben si leiing gjere fotballens varslingskanal kjent
- Syte for at FairPlay kurs vert gjennomført iht. gjeldande handlingsplan
- Syte for kåring av årets FairPlay spelarar iht. retningslinjer
- Utarbeide FairPlay rapport og sende til NFF Sogn og Fjordane innan fastsett frist

### 6.10.2. FairPlay utval

- FairPlay utvalet vert utnemnt av Fotballgruppa
- Utvalet er administrativt underlagt Fotballgruppa
- Det overordna målet for utvalet er å utvikle, forankre, synleggjere og gjennomføre klubben sitt FairPlay arbeid mot medlemmar, lokalmiljø og samarbeidspartnarar
- FairPlay ansvarleg er leiar for utvalet
- Skal vere ei ressursgruppe for klubben og FairPlay ansvarleg
- Hjelp til med å utarbeide og gjennomføre klubben sin FairPlay handlingsplan
- Utvalet skal bestå av 5 personar inkl. FairPlay ansvarleg. Valt for minst 1år, følgjer kalenderåret. 1 repr. A-lag, 1 repr. damelag, 2 repr. aldersf.lag gutar/jenter 11-17år.
- Utvalet skal ha ei breiast mogeleg samansetning der begge kjønn er representert



Det handler om  
respekt, ikke sant?





### 6.11. Kvalitetsklubbansvarleg

Ansvarleg skal ha det overordna ansvaret for prosess og arbeidet med kvalitetsklubb, og bidra til kvalitet i alle ledd i klubben.

#### Oppgåver

- Vere pådrivar for å tydeleggjere, bevisstgjere og konkretisere kva NFF legg i god kvalitet i klubben sitt planverk og praksis.
- Aktuelle planer skal vere tilgjengelege og synlege på klubben si nettside.
- Kvalitetssikre arbeidet i forhold til kriterier i kvalitetsklubb.
- Sørge for at kvalitetsklubb er kjent blant alle tillitsvalde.
- Følgje opp at klubben og tillitsvalde opptre i samsvar med klubben sitt verdigrunnlag og reglar.
- Vere kontaktperson overfor fotballkretsen.
- Vere oppdatert i forhold til eventuelle endringar i Kvalitetsklubb frå NFF/fotballkrets og informere styret om dette.

### 6.12. Dommaransvarleg

#### Oppgåver

- Ha overordna ansvar for klubben sitt dommararbeid.
- Ha hovudansvaret for rekruttering og oppfølging av dommarar.
- Sette opp utdanna dommarar på alle seriekampar aldersfastlagde klasser
- Ha god kontakt med klubben sine dommarar, rettleie og støtte dei
- Vere til stades på dei første kampene dei dømmer og vidare på kampar ved behov
- Minne dommarane på reglar ved dei ulike speleformene
- Ha god kontakt med NFF Sogn og Fjordane og arrangere nødvendige dommarkurs
- Ha ansvar for at dommarar til ei kvar tid har det utstyret dei treng
- Sørge for at dei får informasjon om regelendringar
- Arbeide for å heve dommaren sin status
- Motivere for å få dommarar til å dømme også utanom eigen klubb
- Ha fokus på godt dommarmiljø, lage sosiale og faglege økter
- Ha god kontakt med naboklubbar for å hjelpe og støtte kvarandre i dommararbeidet
- Ha tett kontakt med Fotballgruppa
- Fastsette dommarhonorar i samråd med Fotballgruppa
- Syte for at dommar er tema på lagleiarmøte før kvar sesong
- Delta på møteplassar og fagsamlingar i regi av NFF og krets
- Dommaransvarleg deltek på dommarsamling i lag med aktuelle dommarar på vår- og haustsamling arrangert av kretsen.

### 6.13. FIKS-ansvarleg

FIKS er ei forkorting for «Fotballens informasjon- og kommunikasjonssystem». NFF krev at alle klubbar har FIKS-ansvarleg med arbeidsinstruks. FIKS-ansvarleg skal syte for at klubben kjenner til og utfører alle påkrevde FIKS-oppgåver.

#### Arbeidsoppgåver for FIKS-ansvarleg Selje IL:

- er «superbrukar» i fiks for Selje IL
- registrere spelarar frå 12år, oppdatere og legge inn nye/fjerne gamle
- registrere trenarar, lagleiarar/kontaktpersonar og andre som skal ha tilgang



- påmelding av lag til seriespel:
- Senior: innan 15.01
- Aldersfastlagde lag: innan 01.02
- «Kongleriket»: innan 01.03
- registrere brukarar i fiks og gje dei nødvendige tilgangar
- handtere overgang spelarar inn/ut ut i samsvar med retningslinjer
- hjelpe brukarar i fiks som treng rettleiing

## 7. Klubbdrift

### 7.1. Årshjul

Selje IL-fotball har kalender som viser når ting skal gjerast, kva aktivitet/tiltak og kven som har ansvaret.

Årshjul/kalender nedanfor er eit utdrag av faste aktivitetar gjennom året.

| Månad       | Aktivitet/tiltak                                       |
|-------------|--------------------------------------------------------|
| januar      | Nominering Landslagskulen                              |
| januar 15.  | Påmeldingsfrist 6.div menn, 3./4.div kvinner           |
| januar      | Sonemøte Nordfjord                                     |
| januar      | Sparebanken Vest cup, Nordfj.hallen, 6-12år og 13-17år |
| januar      | Lagleiarmøte 5./6.div. menn og 3./4.div. kvinner       |
| februar 01. | Påmeldingsfrist aldersf. lag 10-17år                   |
| februar     | KM-Futsal 13-19år, innleiande runde                    |
| februar     | Lagleiarmøter 10-12/13-14/15-17år                      |
| februar     | Trenarforum klubb                                      |
| mars 01.    | Påmeldingsfrist minilag 6-9år/Kongleriket              |
| mars        | Årsmøte Selje IL                                       |
| mars        | KM-Futsal Aldersf. lag 10-19 år, sluttspel             |
| mars 15.    | Søknadsfrist Tine Fotballskule                         |
| mars        | Dommarsamling v/Fotballkretsen                         |
| mars        | Obl. klubbdommarkurs frå 13år                          |
| april       | Kongleriket miniputt kick-off                          |
| april       | FairPlay kick-off                                      |
| april       | Seriestart senior menn/kvinner. «Kick-off» FairPlay    |
| april       | Extracup Eid 6-12år                                    |
| april 30.   | Frist Idrettsregistrering                              |
| mai         | Kongleriket-turnering 6-9 år, nr.1                     |
| juni        | Seljecup 2024                                          |
| juni        | Seljecup, Kongleriket-turnering 6-9 år, nr.2           |
| juni        | Lerumcup Sogndal                                       |
| juli/aug    | Norwaycup                                              |
| august      | Hessacup                                               |
| august      | Kongleriket-turneringar 6-9 år, nr.3                   |
| august      | Trenarforum klubb                                      |
| august 15.  | Frist søknad mva.kompensasjon varer&tenester           |
| september   | Selje Tine Fotballskule                                |



|              |                                          |
|--------------|------------------------------------------|
| september    | Kvalitetsklubb-samling NFF Sogn&Fj.      |
| september    | Kongleriket-turneringar 6-9 år, nr.4     |
| oktober      | Frist Fairplay-rapport NFF Sogn&Fj.      |
| november     | Møter med trenarar/lagleiarar            |
| november     | Årsfest seniorlag                        |
| november     | Toyotacup Nordfjordhallen, 6-12år        |
| november     | Grasrottenarkurs                         |
| november     | Kretsting/Miljøhelg NFF Sogn og Fjordane |
| november     | Hovudrevisjon Sportsplan og klubbhandbok |
| november     | Trenarforum klubb                        |
| desember 01. | Frist søknad mva.kompensasjon anlegg     |
| desember     | Årsfest aldersfastlagde lag              |
| desember     | KM-Futsal senior                         |

I tillegg til faste aktivitetar i årshjulet gjennom året kjem:

- møter i Fotballgruppa
- møter i sportsleg utval
- møter i Hovudstyret
- møter med aldersfastlagde lag, seniorlag, foreldre
- møter med samarbeidslag
- møter Driftsstyre
- møter Barne-/Ungdomsgruppa
- møter div. prosjektgrupper anleggsutbygging
- utdanning og kurs
- inntektsbringande tiltak og arrangement
- dugnader

Fotballgruppa har årshjul/aktivitetskalender som blir fortløpande oppdatert med alle aktivitetar og tiltak gjennom året.

## 7.2. Kompetansekrav og kompetanseplan

### 7.2.1. Målsetjing kompetanse

- Alle som har funksjonar i klubben skal få tilbod om utdanning/skulering som gjev naudsynt kompetanse for å gjennomføre og utvikle aktiviteten/ klubbarbeidet for sitt nivå.
- Sentrale funksjonar i trenings- og klubbarbeid skal vektleggast.
- Så langt råd søker ein å arrangere kurs i eigen klubb.

#### Trenar

- Trenar må vere villig til å auke kompetansen sin og delta på kurs i regi av NFF/krets.
- Aktiv bruk av hjelpemiddel i planleggingsarbeidet som t.d: <https://tiim.no>

| Årsklasse   | Anbefalt trenarkompetanse | Anbefalt trenartettleik/ antal spelarar | Anbefalt trenartettleik med kompetanse |
|-------------|---------------------------|-----------------------------------------|----------------------------------------|
| 6-7år (3v3) | Grasrottenar del 1        | 1 trenar pr. 5 spelarar                 | 1 trenar pr. 8 spelarar                |
| 8-9år (5v5) | Grasrottenar del 1, 2     | 1 trenar pr. 7 spelarar                 | 1 trenar pr. 10 spelarar               |



|                       |                                                  |                          |                          |
|-----------------------|--------------------------------------------------|--------------------------|--------------------------|
| 10-11år (7v7)         | Grasrottrener 1, 2, 3                            | 1 trener pr. 10 spelarar | 1 trener pr. 12 spelarar |
| 12år (7v7 / 9v9)      | Grasrottrener 1, 2, 3                            | 1 trener pr. 10 spelarar | 1 trener pr. 14 spelarar |
| 13-14år (9v9 / 11v11) | Grasrottrener 1, 2, 3, 4                         | 1 trener pr. 10 spelarar | 1 trener pr. 14 spelarar |
| 15-17år (11v11)       | Grasrottrener 1, 2, 3, 4<br>Ynskjeleg med UEFA-B | 1 trener pr. 10 spelarar | 1 trener pr. 18 spelarar |

**Leiar/tillitsvald**

- Fleirtalet av styremedlemmane skal minimum ha leiar 1-utdanning.
- Ein eller fleire av styremedlemmane bør ha leiar 2 og/eller leiar 3 utdanning.

**Dommar**

- Alle aldersfastlagde seriekampar skal dømmast av utdanna klubb- eller rekruttdommar.
- Det er eit mål at klubben skal ha minst tre kretsdommarar.
- Dommarar får høve til å delta på samlingar i fotballkretsen

### 7.2.2 Korleis nå måla

- Skape forståing for nytteverdien av skulering.
- Gjere klubben til ein arena der vi møtast gjennom aktivitet, skulering og sosialt samvær.
- Trenerforum: skulering gjennom temakvelder med interne og eksterne førelesarar og gjennom utveksling av erfaringar/diskusjonar.
- Arrangere trener, leiar og dommarkurs i Selje.
- Gje tilbod til trenarar/leiarar/dommarar om å delta på samlingar/utdanning i regi av andre klubbar, fotballkrets eller forbund.
- Kurstilbod skal gjerast kjent for aktuelle deltakarar.
- Honorere dei som tek utdanning.
- Dommarar får løn etter klubbens retningslinjer.

### 7.3. Medlemshandtering

Klubben nyttar Klubbadmin som elektronisk medlemssystem.

Via Min idrett kan medlemmar sjølv utføre innmelding/utmelding på ein enkel måte.

Kasserer i Hovudstyret har ansvar for medlemshandtering.

### 7.4. Dugnad og frivillig arbeid

Selje IL blir drive av frivillege på dugnad. Denne innsatsen bidreg til at klubben kan ha gode aktivitetstilbod og bli ein god stad å vere for alle. Dugnadsinnsatsen bidreg til at ein kan halde avgifter for medlemmar rimelege.

Dugnadsoppgåver som blir utført er blant anna:

- tillitsvalde i styrer og utval
- drift av laga
- trener



- lagleiar
- kampvert
- kamparrangement
- Seljecup
- -Tine Fotballskule
- vedlikehald av stadion, klubbhus, anlegg og utstyr
- køyring til kampar
- årsfestar
- vask av drakter
- div. inntektsbringande tiltak og arrangement

## 7.5. Politiattestar

Alle trenarar, lagleiarar og andre som har oppgåver i høve mindreårige skal ha gyldig politiattest. Før du søker om politiattest må du ha stadfesting frå klubben om at du treng dette.

### **Politiattest-ansvarleg:**

Norges Idrettsforbund krev at alle som har eit tillitstilhøve til barn i idretten skal framvise gyldig politiattest. Selje IL skal følgje NIF sine retningslinjer og rettleiing for innhenting og handtering av politiattestar.

### **Ansvarlege for politiattest Selje IL frå mars 2024:**

Leiar Hovudstyret i samarbeid med styremedlem Fotballgruppa

Politiattest-ansvarlege skal til ei kvar tid ha oversikt på status og at alle med relevante verv i klubben har framvist politiattest.

### **Prosedyre ved innhenting av politiattest:**

1. Selje IL stadfestar at søkjaren har eit tillitsverv i idrettslaget. Denne stadfestinga skal leggjast ved søknaden om politiattest.
2. Den tillitsvalde søker sjølv om politiattest. Dette kan gjerast elektronisk, med bruk av Bank-id. Framgangsmåten finn ein på politiets nettsider <https://www.politi.no/tjenester/politiattest/>. Der vil ein også finne lenke til søknadsskjema.
3. Søkjaren vil få politiattest pr. post/e-post. Attesten må visast til den i Selje IL som har ansvaret for politiattestar.

## 7.6. Klubben sitt antidopingarbeid

Klubben og medlemmane er omfatta av idretten sine retningslinjer om doping. Selje IL tek sterk avstand frå all bruk av dopingmidlar.

## 7.7. Kommunikasjon

Alle lag i seriespel brukar Spond i kommunikasjon med aktive og føresette.

Informasjon om Selje IL finnast på klubben sine nettsider:

- [www.seljefotball.no](http://www.seljefotball.no)
- [www.seljecup.no](http://www.seljecup.no)
- [www.seljeil.no](http://www.seljeil.no)



Selje IL har eigen logo som nyttast på offisielle dokument, nettsider, søknader og i andre samanhengar der det er påkrevd.



Selje IL vedtok kommunikasjonsstrategi på årsmøte mars -23. Dokumentet er i samsvar med Norges Idrettsforbund sin mal «Kommunikasjonsstrategi for idrettslag».

## 7.8. Arbeidsgjevaransvar

- Alle som har påteke seg eit tillitsverv i klubben må vere medlem i Selje IL.
- Fotballgruppa har arbeidsgjevaransvar for evt. tilsette som får utbetalt løn for arbeidet. Det skal inngåast skriftleg kontrakt som ivaretek partane ved tilsetting der det er avtalt løn.

## 7.9. Tryggleiksarbeid (HMS)

### Hjertestartar:

Selje IL har fast montert hjertestartar på desse bygga:

- brakka
- klubbhus

Gjennomføring av hjertestartarkurs for spelarar over 13år, trenarar og lagleiarar.

### Fyrstehjelpsutstyr:

Båre, teppe og generelt fyrstehjelpsutstyr skal ligge på fast plass slik at alle finn det, p.t. i brakka.

### Internkontroll elektriske anlegg:

Selje IL har internkontroll-avtale med Sætren Installasjon for alle elektriske anlegg på stadionområdet.

### Anlegg og utstyr på stadionområdet:

Driftsstyret Selje IL har hovudansvar for at anlegg og utstyr på stadionområdet er i forskriftsmessig stand. Herunder inngår sikring av fotballmål og anna utstyr m.o.t. vind og anna risiko.

### 7.9.1. Beredskapsplan

Selje IL har utarbeidd ein beredskapsplan som skal følgjast ved sjukdom, ulukke, død og andre alvorlege hendingar.

#### 1. Innleiing og generell informasjon.

Krisesituasjon - kva gjer vi ?

Krise er definert som:

- Dødsfall på trening/ i kamp
- Alvorleg skade på trening/kamp
- Ulukke til/frå kamp med alvorleg skade/dødsfall

Klubben må ha ein beredskapsplan i tilfelle ein situasjon oppstår.

**Avklar raskt nivå ulukka skjer på;**

- Kretsaktivitet (spelarutvikling, kurs, samlingar): NFF Sogn og Fjordane har ansvaret for tiltak i kretsregi.
  - Klubbaktivitet (trening, kamp, arrangement, reise): leiar Fotballgruppa ansvarleg.
- Ansvaret gjeld og ein plan for eventuell mediahandtering. Leiar er også ansvarleg for implementering i klubb og førebyggjande prosedyrar i høve kommune og støttegruppe.

**2. Nødnummer****Ambulanse 113****Politi 112****Brann 110****Legevakt 116117****3. Trafikkulukke****Prosedyre ved alvorleg skade:**

1. Sikre skadestad
2. Ring ambulanse 113
3. Oversikt på situasjon
4. Prioriter skader, livstruande eller ikkje
5. Sikre luftveg, start livreddande arbeid
6. Hugs stabilt sideleie og frie luftveg
7. Ved sjokk, heve føter. Hugs varme.

**Prosedyre ved alvorleg bilulukke :**

1. Sikre skadestad
2. Ring legevakt/ambulanse **113**
3. Oversikt på situasjon
4. Prioriter skader, livstruande eller ikkje
5. Alvorleg skade/død. Ring politi **112**
7. Ta utøvarar vekk frå skadestad/forklar
8. Varsle klubbleiar/kretsleiar
9. Ved brann. Ring brannvesen **110**
10. Unngå bruk av sosiale media

**3. Ulukke på bane/idrettshall/klubbhus****Prosedyre ved alvorleg skade:**

1. Kartlegg skade
2. Ring legevakt/ambulanse **113**
3. Om naudsynt start livredding med hjarte kompresjon (30 støt og 2 innblåsingar)
4. Om naudsynt, stopp alvorleg bløding
5. Sikre luftveg, om naudsynt dra ut tunge (ved svelging av tunge)
6. Ordne førstehjelpsutstyr/båre
7. Syte for personell som viser veg for ambulanse, ryddar veg til skada person.

Dersom ulukka gjeld spelar/trenar/lagleiar eller andre på besøkande lag:

- hjelpe og varsle tilhøyrande klubb og krets
- stille nødvendig kriseteam til disposisjon til heimkommunen tek over.
- legge til rette for nødvendig hjelp til praktiske ting som transport, samtale etc.

**4. Ved alvorleg skade på spelar :**

- varsle eigen klubb v/leiar så klubben kan ta hand om informasjon og hjelpe til med organisering av transport eller andre ting.
- ansvarleg trenar/oppmann følgjer den skadde til føresette er på plass.
- om ein må reise med den skada frå staden, har dei vaksne som er att ansvaret for gruppa.
- minn om at det ikkje skal vere bruk av sosiale medier, dei som er involverte skal få varslinga på skikkeleg måte og ikkje gjennom feil kanalar.

**5. Ved dødsulukke****Prest og politi skal varsle om død.**

- representant frå klubben stiller seg disponible for kriseteamet sin kontakt med familien
- klubben tek kontakt med trenar/oppmenn som var til stades for å få eit klart og tydeleg bilde av kva som har hendt.
- klubben vil i samarbeid med kriseteamet kartlegge familien sine korte og evt. langsiktige behov.
- klubbrepresentant stiller på evt. minnesamvær.
- når det gjeld behov i heim og på skule må dette avklarast i kvart einskild høve.
- om dødsulukka gjeld aldersfastlagd spelar , vil alle kampar verte utsette til gravferd har funne stad.
- om dødsulukka gjeld seniorspelar vil det ikkje verte spelt seniorkamp før etter gravferda, aldersfastlagde kampar vil verte vurdert utsett basert på familietilhøve - her gjer fotballgruppa vedtak i kvart tilfelle etter ynskje frå laga sine tillitsvalde og spelarar.
- om dødsfallet gjeld trenar/oppmenn vil kampane til dei laga som ynskjer å få utsett sine kampar, det laget som er involvert vil utan unntak få sine komande kampar utsette, dette tek fotballgruppa seg av.
- om kampane vert spelte, vert det nytta sørgjebind på alle spelarar samt at det vil vere speaker til stades for å markere eit minutts stillheit på ein verdig måte.
- om kampane vert utsette, vil sørgjebind verte nytta på alle lag sin fyrste kamp etter gravferda.
- ansvarleg trenar/lagleiar som var til stades under hendinga vil verte knytta til kriseteamet slik at vi har faktainformasjon om hendinga.

**Oppfølging neste 6 mnd.**

- fotballgruppa vil i samarbeid med kriseteamet finne korleis vi på beste måte kan vere til stades for dei som set att.

**Andre praktiske detaljar :**

- gravferd, minst to frå Selje IL/fotballgruppa skal stille
- fotballgruppa ordnar krans/bårebukett i klubbfgar
- det skal flaggast på halv stang på klubbhus og evt. tribune.
- ha ope klubbhus kvar kveld frå ulukka fram til gravferda , der folk frå klubb og evt. kriseteam vil vere til stades.
- minneomtale i årboka, fotballgruppa har ansvaret.

**6. Anna informasjon Selje IL**

- Perm til lagleiar/trenar som skal følge draktbagen. Denne permen skal innehalde all naudsynt kontaktinformasjon. Namn og telefonliste på alle foreldre skal ligge ved.
- Fyrstehjelp: Gjennomføring av fyrstehjelpskurs for trenarar og lagleiarar.
- Hjertestartar: Gjennomføring av hjertestartarkurs for spelarar over 13år, trenarar og lagleiarar. Hjertestartar er plassert på veggene ved inngangen til brakka og klubbhus.
- Liste over utstyr som ein treng: båre, teppe og generelt fyrstehjelpsutstyr. Utstyret skal ligge på fast plass slik at alle finn det, p.t. i brakka.



## 7.10. Økonomi

Hovudstyret har det overordna økonomiske ansvaret for klubben sin økonomi. Fotballgruppa har sitt eige budsjett som del av det samla budsjettet for idrettslaget. Årsmøtet veljer Kontrollutval.

Kasserar i Hovudstyret og leiar i Fotballgruppa har tilgang til bankkontoar og rekneskap. Selje IL kjøper teneste frå rekneskapsfører, p.t. Accountor Nordfjord, avd. Eid. Rapportar kan hentast ut ved behov. Rekneskapsåret følger kalenderåret.

Fotballgruppa har ansvar for

- at midlar brukast og forvaltast på ein forsiktig måte
- ei tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjon
- ei forsvarleg økonomistyring

## 7.11. Forsikringar

### Utøvarforsikring:

Selje IL betaler for utøvarforsikring.

- Barn t.o.m. 12år er forsikra gjennom lagsforsikringa når lag blir påmeldt.

- Ungdom frå 13år og senior er forsikra gjennom individuell forsikring når spelaren er registrert på [www.fiksfotball.no](http://www.fiksfotball.no)

### NFF forsikring:

<https://www.fotball.no/klubb-og-leder/forsikring/>

### Utdrag frå nettside NFF:

#### Idrettsforsikring

Husk at du alltid må melde sak til oss før du starter behandling.

Straks saken er meldt, får du beskjed om veien videre i skadesaken din.

#### Slik bruker du forsikringen

Her kan alle raskt og enkelt melde skade på nett – også du som ikke er privatkunde hos oss.

1. Logg inn med BankID og velg forbundet ditt
2. Svar på spørsmål om hva som har skjedd
3. Straks du har meldt saken, får du viktig informasjon om veien videre i skadesaken din

## 7.12. Anlegg og utstyr

### 7.12.1. Anlegg

Selje IL eig og driftar mange ulike anlegg:

- Selje Idrettspark m/flomlysanlegg (11ar) og løpebane/friidrettsanlegg
- Selje skule, kunstgrasbane (7ar) og ballbinge
- Klubbhus
- Brakka
- Kiosk
- Klatrepark
- Trimløype med lys

Driftsstyret i Selje IL har hovudansvar for drift og vedlikehald av anlegg. Fotballgruppa skal ha minst ein representant i Driftsstyret.



### 7.12.2. Utstyr

Selje IL har utstyrsavtale (2024-2027) med ScanTrade (STAS). Lokal forhandler er Chatlet Sport1, avd. Eid. Medlemmar og klubb får rabatt på kjøp av utstyr iht. gjeldande avtale.

Umbro er valt som merkevare i Selje IL sin klubbkolleksjon.

- Klubben får 25% rabatt på veil. pris på alle STAS-produkt.
- Medlemmar får 20% rabatt på veil. pris på alle STAS-produkt.
- Klubben får 25% bonus på årleg kjøp av STAS-produkt frå klubb og medlemmer. Bonus-grunnlaget er kjøp etter at rabatt er trekt frå.

#### Personleg utstyr

Aktive/spelarar dekker utgifter til:

- personleg treningsutstyr

#### Klubbens utstyr:

Klubben har ansvar for å dekke følgjande:

- drakter
- medisikutstyr
- fotballar
- treningsutstyr
- fotballmål
- anna nødvendig utstyr til laga

### 7.13. Utmerkingar og heidersteikn

#### Utmerkingar og heidersteikn:

Selje IL-fotball har markert seg godt i høve FairPlay-arbeid. Klubben har vunne FairPlay-prisen i NFF Sogn og Fjordane heile 4 gonger: 2012, 2014, 2015, 2020.

Selje IL har vore heldige og hatt mange eldsjeler opp gjennom åra, som har lagt ned eit stort frivillig arbeid for idrettslaget. Fleire av desse har blitt tildelt ulike prisar frå: kommunen, NFF/Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Idrettskrins/Norges Idrettsforbund, UEFA.

#### Eksterne utmerkingar for tillitsvalde, trenar, dommar og andre

Søknad må sendast til rett instans:

- Blå diplom: søknad til NFF Sogn&Fjordane (minimum 8år teneste, søknad iht. retningslinjer)
- Honorært leiarstipend: søknad til NFF Sogn&Fjordane (søknad iht. retningslinjer)
- Kjosenprisen/eldsjelpriisen: søknad til NFF Sogn&Fjordane (søknad iht. retningslinjer)
- Stad kommune idrettspris: søknad til Stad Idrettsråd (søknad iht. retningslinjer)
- Stad kommune kulturpris: søknad til Stad kommune (søknad iht. retningslinjer)
- Norges Idrettsforbund «Årets ildsjel»: søknad til Vestland Idrettskrets (søknad iht. retningslinjer)

#### Interne utmerkingar for aktive/spelarar

Statuett tildelast på årsfest.

Senior:

- Årets spelar
- Årets Fairplay-spelar
- Årets toppscorar
- Årets treningstopp



- Årets unge spelar
- Obligatoriske kampar (treningskampar ikkje medrekna): 100-150-200 osv. for neste 50 kampar.

Aldersfastlagde lag:

Statuett tildelast på årsfest:

- Årets FairPlay-spelar på kvart lag frå 11-17år.

Årets dommar:

Statuett tildelast på årsfest i november/desember:

- Årets dommar vert kåra ut frå gitte kriterie.

## 8. Oppfølging klubbhandboka

### 8.1. Avvik

#### Avvik frå Klubbhandboka:

Ved avvik på Klubbhandboka har Fotballgruppa ansvar for å rettleie medlem/gruppe/lag, slik at aktiviteten kan utførast innanfor klubbhandboka sine rammer. Dersom rettleiing ikkje fører fram skal avviket rapporterast inn som styresak i Fotballgruppa. Fotballgruppa har deretter møte med involverte for å finne ei løysing.

### 8.2. Implementering og revisjon

Selje IL, Fotballgruppa har overordna ansvar for Klubbhandboka. Fotballgruppa har ansvar for å implementere, følge opp og vidareutvikle Klubbhandboka. Den skal vere eit levande dokument og brukast aktivt på alle nivå i klubben.

Klubbhandboka skal vere tilgjengeleg på klubben si nettside [www.seljefotball.no](http://www.seljefotball.no)

Innspel/ynskje om endringar i Klubbhandboka meldast til Fotballgruppa.

Evt. avvik på Klubbhandboka rapporterast til Fotballgruppa.

Fotballgruppa kan vedta fortløpande endringar i Klubbhandboka ved behov.

Neste hovudrevisjon vert november 2025.

#### Revisjonshistorikk KLUBBHANDBOK Selje IL-Fotball

| Dato/år    | Gjeldande for periode | Ansvarleg     |
|------------|-----------------------|---------------|
|            |                       |               |
|            |                       |               |
|            |                       |               |
| 15.11.2024 | 2025-2026             | Fotballgruppa |